

Instruks og reglar for leige av Grendahuset

Leigetakar skal gjere seg kjend med innhaldet i dette reglementet og følgje reglane som gjeld for bruk av Grendahuset.

Ansvar og vilkår

- Leigetakar **SKAL** vere fylt **25 år**.
- Leigetakar er økonomisk ansvarleg for alt inventar og utstyr som finst i Grendahuset under leigeforholdet.
- Utleigar skal få beskjed dersom noko blir øydelagt eller skada, til dømes bord, stolar, kjøkkenutstyr, lydanlegg eller anna inventar og utstyr.
- Leigetakar er ansvarleg for at huset blir behandla på ein forsvarleg måte, og at reglane i dette dokumentet blir følgde.

Branntryggleik

- Leigetakar **SKAL** gjere seg kjend med branninstruksen for Grendahuset.
- Branninstruksen heng på kjøkkenet og skal lesast før arrangementet startar.

Musikk og lyd

- Ved arrangement med levande musikk eller anna avspeling av musikk skal musikken avsluttast seinast:
 - **Kl. 02.00** fredag, laurdag og i samband med helgedagar.
 - **Kl. 23.00** på kvardagar.
- Dersom leigetakar skal bruke ungdomslaget sitt lydutstyr, skal det vere avtalt ved inngåing av leigeforholdet.
- Leigetakar skal ha fått nødvendig opplæring i bruk av lydutstyret på førehand.
- Lydutstyret skal ikkje nyttast utan avtale og opplæring.

Reinhald og rydding

Grendahuset skal etter arrangementet forlatast **ryddig og reingjort**.

Dette gjeld både innandørs og utandørs:

- Alt boss og tomgoods skal ryddast bort.
- Bord, stolar og anna inventar skal setjast tilbake på plass.
- Kjøkken og andre brukte område skal vaskast og ryddast.
- Vaskeinstruks heng på innsida av vaskerommet på kjøkkenet.

Kildesortering

- **Resteavfall:** Kastast i påbegynt bosspann på utsida.
- **Papp/papir:** Sorterast i eige spann. Papp skal brettast saman.
- **Glas/metall utan pant:** Skal leverast på anviste returpunkt i bygda og **skal ikkje kastast i restavfallet.**
- **Pant:** Leigetakar tek med seg pant.

VED IKKJE TILSTREKKELEG REINHOLD BLIR LEIGETAKAR FAKTURERT FOR UTVASK TILSVARANDE LEIGEPRISEN.

Ventilasjon og varme

- Ventilasjonen i Grendahuset skal stå på under arrangementet.
- Kontrollpanelet for ventilasjon og varme finn de oppe på scena.
- Dersom lokalet er kjølig, kan varmen justerast frå same kontrollpanel.
- Etter arrangementet skal ventilasjonen setjast på igjen og stå på i **6 timar for utlufting.**

Før Grendahuset blir låst

Leigetakar skal kontrollere at:

- Alle vindauge er lukka.
- Alle lys er sløkte, med unntak av utelys i 2. etasje.
- Huset er ryddig og reingjort.
- Boss og tomgoods er fjerna.
- Inventar og utstyr er sett tilbake på plass.

Røyking

Heile Grendahuset er RØYKFRITT!

Det er ikkje tillate å røyke innandørs.

Ved røyking innandørs vil leigetakar bli fakturert **uavkorta for kostnadane ved nødvendig reinsing av heile huset.**

Nøkkel

Nøkkel hentes på Kiwi Bjørkheim. Nøkkel skal leverast tilbake til **KIWI snarast mogleg etter avslutta leigeforhold..**

Til slutt

Me i styret i Nordbygda Ungdomslag ønskjer at Grendahuset skal vere eit godt og triveleg hus for alle som nyttar det. Me forventar derfor at huset blir behandla med respekt, og at det blir forlate ryddig, reint og i god stand.

På førehand tusen takk for at du tek ansvar og bidreg til å ta godt vare på Grendahuset!



Vennleg helsing

Styret i Nordbygda Ungdomslag (NUL)

VERSJON 01. 2026